

Stoppestadnamn i Lærdal kommune – namn på s

Stoppestadnummer	Namnet på stoppen i dag	Tilråding frå Språkrådet (Tilrådd skrivemåte er framheva.)
		V
	V	
	Namnet på stoppen i dag Merk: Namneformer som er skrivne med "feite bokstavar" i denne kolonnen, har Språkrådet funne tilrådelege.	Tilråding frå Språkrådet (Tilrådd skrivemåte er framheva.)
	Merk: Raudfargen merkjer namneformer som ikke er tekne med i denne gjennomgåinga.	V > = bør endrast til
Namn langs E16		
NSR:StopPlace:34537	Håbakken	OK
NSR:StopPlace:34541	Tønjum	OK
NSR:StopPlace:34550	Voll	OK

NSR:StopPlace:34553	Øygard	> Øystad
NSR:StopPlace:34557	Ljøsne	> Nedre Ljøsne
NSR:StopPlace:34560	Ljøsne vekt	> Midt-Ljøsne
NSR:StopPlace:34564	Ljøsne skule	
NSR:StopPlace:34568	Saltkjelen	OK
NSR:StopPlace:34571	Ljøsne øvre	> Øvre Ljøsne
NSR:StopPlace:34574	Jutlamannen	OK
NSR:StopPlace:34578	Bjørkum E16	> Bjørkum
NSR:StopPlace:34585	Seltun	OK
NSR:StopPlace:34593	Sjurhaugen	> Seltåsen
NSR:StopPlace:34617	Lo aust	> Vindhella
NSR:StopPlace:34620	Borgund hyttesenter	> Voldum
NSR:StopPlace:34623	Horge	OK
NSR:StopPlace:34625	Steinklepp	OK (Alt.: Skeisvollen)
NSR:StopPlace:34544	Teigum	> Bringevegen
NSR:StopPlace:34660	Eraker	> Eråk

NSR:StopPlace:34664	Borlaug	OK
NSR:StopPlace:34679	Maristova	OK
Namn langs riksveg 52		
NSR:StopPlace:34667	Bergstøl	> Bergstølen
NSR:StopPlace:34670	Breistøl	> Breistølen
NSR:StopPlace:34673	Osen	OK
NSR:StopPlace:34676	Hemsedalsfjell fylkesgrensa	> Eldrehaugen
Namn langs riksveg 5		
NSR:StopPlace:58179	Fodnes ferjekai	OK
NSR:StopPlace:34505	Lærdal rådhus	
NSR:StopPlace:34528	Sviggum	> Sjukehusvegen
NSR:StopPlace:34521	Sviggum vest	> Sviggum
NSR:StopPlace:34531	Eri	OK
NSR:StopPlace:34534	Erisbakken	

Stoppestader langs E16 og langs riksvegane

Merknader frå Språkrådet	Namnepost-nummer ("postnr.")
Primærreferansar:	
A. Sentralt stednamnregister, SSR (Sjå nettsida Norgeskart.)	
B. Nettsida Fylkesatlas (det vil seia <i>stadnamnkarta</i> som finst på den nettsida)	
C. Stednamnlova og forskrifter	
D. Regeldokumentet med tittelen <i>Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stednamn</i> (= "dei utfyllande reglane")	
E. Band 12 i bokverket Norske Gaardnavne (NG)	
Generell merknad: Så sant det er råd, bør ein unngå å kalla busstoppar opp etter senternamn og bedriftsnamn.	
MØRK GRØNFARGE i kolonnen til høgre merkjer tilfelle der det er teke utgangspunkt i nedarva stednamn. (Mesteparten av dei nedarva namna er SSR-registrerte.) >	V
LJOS GRØNFARGE (i kolonne 3) merkjer tilfelle der det er tale om oppkalling etter namn på tilstøyande vegar.	
MØRK BLÅFARGE merkjer tilfelle der det har vore nytta etterstilling av utmerkingsord som <i>Øvre</i> , <i>Nedre</i> , <i>Nord(re)</i> , <i>Vest(re)</i> , <i>Indre</i> og <i>Ytre</i> . Me frårår bruk av slik etterstilling. Jf. med punkt 6 i dei utfyllande reglane.	
Merknader frå Språkrådet	
Stoppen ligg på ein stad med namnet <i>Håbakken</i> . Primærnamnet er SSR-registrert med skrivemåten <i>Håbakken</i> som eineform. Her er det òg ein veg med namnet <i>Håbakken</i> .	1
Stoppestaden må kunna seiast å liggja sentralt i den bygda som ber namnet <i>Tønjum</i> . Skrivemåten <i>Tønjum</i> vart vedteken av kommunen 3. desember 1997.	2
Haldeplassen ligg på garden <i>Voll</i> , gnr. 14. <i>Voll</i> vart vedteken som offisiell gardsnamnform 9. mars 1998.	3

Stoppestaden ligg der vegen til hovudtunet på gardsbruket Øystad, bruk 10 på gnr. 18, tek av frå hovudvegen. Skrivemåten <i>Øystad</i> er registrert som eineform i SSR. (<i>Øygard</i> er namn på eit anna bruk (bruk. 4) på same garden. Stoppen ligg ikkje på bruket <i>Øygard</i> .)	4
Stoppen ligg sentralt på garden Nedre Ljøsne, gnr. 11. <i>Nedre Ljøsne</i> vart vedteken som offisiell gardsnamnform 23. juni 2003.	5
Denne stoppen ligg på garden Midt-Ljøsne, gnr. 10. <i>Midt-Ljøsne</i> vart vedteken som offisiell gardsnamnform 23. juni 2003.	6
(Skulen vart lagd ned i 2017 (etter eit vedtak hausten 2016).)	7
Her tek ein veg med namnet <i>Saltkjelen</i> av frå hovudvegen.	8
Stoppen ligg på garden Øvre Ljøsne, gnr. 9. Skrivemåten <i>Øvre Ljøsne</i> vart vedteken 9. mars 1998.	9
Stoppen ligg attmed eit fjellparti som heiter <i>Jutlamannen</i> . (Skrivemåten <i>Jutlamannen</i> er registrert som eineform i SSR.)	10
Her er det avkørsler til hovudtuna på både Nordre Bjørkum (gnr. 3) og Søre Bjørkum (gnr. 4). (<i>Bjørkum (Nordre Bjørkum og Søre Bjørkum)</i> er ein vedteken skrivemåte.)	11
Haldeplassen ligg på garden Seltun, gnr. 2. <i>Seltun</i> vart vedteken som offisiell gardsnamnform 9. mars 1998.	12
Her er den øvre avkøyrsla til vegen med namnet <i>Seltåsen</i> . (Husa på bruks Sjurhaugen og Nedre Øygarden har adresse til denne vegen. Det er berre eitt hus (ei hytte?) som har adresse til den nedre delen av vegen Seltåsen.)	13
Den (øvre enden av) vegen som ber namnet <i>Vindhella</i> , tek her av frå E16. (Litt nedom det aktuelle vegkrysset ligg den delen av bygda Borgund der stavkyrkja står, og husa i dette området har adresse til vegen Vindhella. Skaret med namnet <i>Vindhella</i> ligg attmed kyrkja.) (Stoppen ligg ikkje på garden Lo (Øvre Lo), gnr. 58, men på nedste delen av garden Voldum, gnr. 60.) (Den stoppen på fylkesveg 630 som no er kalla <i>Lo</i> , ligg på garden Li, gnr. 59.)	14
Stoppen ligg på hovudvaldet til garden Voldum, gnr. 60. Skrivemåten <i>Voldum</i> vart vedteken 9. mars 1998. Så sant det er råd, bør ein unngå å kalla busstoppar opp etter namn på verksemder og føretak.	15
Denne haldeplassen ligg sentralt på garden Horge, gnr. 61. I SSR er skrivemåten <i>Horge</i> registrert som eineform.	16
Dette er den stoppestaden på E16 som ligg nærmast grenda Steinklepp. Stoppestaden ligg på teigen Skeisvollen på garden Berge, gnr. 64. (Sjå på nettsidene Norgeskart og Fylkesatlas.) <i>Skeisvollen</i> vil vera eit unikt stoppestadnamn i Vestland fylke. (Berge er nytta som stoppestadnamn fleire stader i fylket.)	17
Her tek vegen med namnet <i>Bringevegen</i> av frå hovudvegen. (Stoppen på nordsida av vegen, det vil seia den stoppen som blir nytta av bussane som køyer vestover (nedover dalen), ser ut til å liggja på garden Skårheim, gnr. 71.) (Teigum har gardsnummeret 73.)	18
Ein sidearm til vegen med namnet <i>Eråk</i> endar der haldeplassen ligg. (<i>Eråk</i> vart vedteken som offisiell gardsnamnform 9. mars 1998. Eråk har gardsnummeret 77.)	19

Stoppen ligg sentralt på garden Borlaug, gnr. 78. (Her er det eit viktig vegkryss.) <i>Borlaug</i> vart vedteken som offisiell gardsnamnform 9. mars 1998.	20
Haldeplassen ligg på garden Maristova, gnr. 81. (Skrivemåten <i>Maristova</i> er registrert som eineform i SSR.)	21
	22
I SSR er skrivemåten <i>Bergstølen</i> (med bunden artikkel) registrert som ei prioritert form.	23
Stoppen ligg på ein støl som heiter <i>Breistølen</i> . Skrivemåten <i>Breistølen</i> (med bunden artikkel) vart vedteken 9. mars 1998.	24
Stoppen ligg attmed utlaupsosen i Eldrevatnet, det vil seia der elva Mørkedøla startar. Her er det ein veg som er gjeven namnet <i>Osen</i> .	25
Denne stoppestaden ligg attmed ein gammal støl som heiter Eldrehaugen. Skrivemåten <i>Eldrehaugen</i> vart vedteken 8. oktober 1993. Stølen ligg attmed søraustre enden av Eldrevatnet.	26
	27
I SSR er skrivemåten <i>Fodnes ferjekai</i> registrert som eineform.	28
	29
Her tek vegen med namnet <i>Sjukehusvegen</i> av frå riksvegen. (Sjå den neste namneposten.)	30
Vegen med namnet <i>Sviggum</i> tek her av frå Sjukehusvegen. (Jf. med den føregåande namneposten.)	31
Stoppen ligg på (ein nordleg del av) garden Eri (gnr. 19 og 20). Skrivemåten <i>Eri</i> er registrert som eineform i SSR.	32
(Stoppen ligg attmed eit bakkebrot på garden Eri. Namnet <i>Erisbakken</i> er ikkje registrert korkje i SSR eller på nettsida Fylkesatlas. Når det gjeld samansetningsmåten, det vil seia bruken av <i>Eris-</i> som førelekk, kan ein samanlikna med registrerte lokale namneformer som <i>Erisåsen</i> og <i>Erisholten</i> . Jf. med punkt 6 i dei utfyllande reglane.)	33

